



Ålesund  
kommune

# Årsplan

Hildre barnehage  
2022/2023



Foto: Peder Otto Dybvik

Open, engasjert og modig

## Innhald

Førmålet med barnehagen sin årsplan	3
Barnehagen sitt samfunnsmandat	4
Hildre barnehage	5
Visjon:	5
Verdiar:	5
Barnehagen sitt innhald	6
Satsingsområde	7
Tilrettelegging av det allmennpedagogiske tilbodet for barn som treng ekstra støtte	7
Miljøpedagogisk arbeid i Hildre barnehage	9
Barn sin medverknad	10
Samarbeid	11
Samarbeid mellom heimen og barnehagen	11
Samarbeid mellom barnehagen og andre aktørar	12
Teieplikt, opplysningsplikt og avverjeplikt	12
Overgangar	13
Når barnet startar i barnehagen	13
Overgangen mellom barnehage og skule	14
Barnehagen som pedagogisk verksemd	14
Planlegging	15
Vurdering	15
Dokumentasjon	16
Arbeidsmåttane til barnehagen	16
Progresjon	16
Barnehagerute Haram og Sandøy 22/23	22
Kjelder	23

# Førmålet med barnehagen sin årsplan

**Årsplanen er eit arbeidsreiskap for barnehagepersonalet og dokumenterer vala og grunngevingane til barnehagen.**

(Rammeplan for barnehagen - innhald og oppgåver, 2017, s. 37)

Barnehagen er ei pedagogisk verksemd der innhaldet skal planleggast og vurderast. Barnehagen sitt pedagogiske arbeid skal vere grunngeven i Barnehagelova og i Rammeplanen. Med utgangspunkt i Rammeplanen skal barnehagen sitt samarbeidsutval fastsetje ein årsplan for den pedagogiske verksemda.

Det vert utarbeidd ein årsplan for kvart barnehageår i kvar barnehage. Årsplanen vert publisert på nett og sendt ut på e-post til alle foreldre og føresette når den er fastsett. Årsplanen ligg til grunn for vidare arbeid med planar for kortare og lengre tidsrom, og for ulike barnegrupper ved behov.

## Årsplanen sin funksjon

Årsplanen skal synleggjere korleis barnehagen omsett barnehagelova i praksis, og arbeider målretta for å sikre det pedagogiske arbeidet. Ifølgje rammeplanen har planlegging av barnehagen sitt innhald og arbeid fleire funksjonar:

- Personalet får grunnlag til å tenke og handle systematisk i det pedagogiske arbeidet
- Det gjev kontinuitet og progresjon for enkeltbarn og barnegruppa
- Synleggjer barnehagen si tolking og realisering av rammeplanen
- Gjev utgangspunkt for refleksjon og utvikling av verksemda

Barnehagen sin årsplan er også eit viktig dokument for eigar og myndigheitene si oppfølging og tilsyn med barnehagen. Den er nyttig å bruke i samarbeid med føresette og andre samarbeidspartnarar.

# Barnehagen sitt samfunnsmandat

**Barnehagen skal i samarbeid og forståelse med hjemmet ivareta barnas behov for omsorg og lek, og fremme læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling.**

**Barnehagen skal bygge på grunnleggende verdier i kristen og humanistisk arv og tradisjon, slik som respekt for menneskeverdet og naturen, åndsfrihet, nestekjærlighet, tilgivelse, likeverd og solidaritet, verdier som kommer til uttrykk i ulike religioner og livssyn og som er forankret i menneskerettighetene.**

**Barna skal få utfolde skaperglede, undring og utforskertrang. De skal lære å ta vare på seg selv, hverandre og naturen. Barna skal utvikle grunnleggende kunnskaper og ferdigheter. De skal ha rett til medvirkning tilpasset alder og forutsetninger.**

**Barnehagen skal møte barna med tillit og respekt, og anerkjenne barndommens egenverdi. Den skal bidra til trivsel og glede i lek og læring, og være et utfordrende og trygt sted for fellesskap og vennskap. Barnehagen skal fremme demokrati og likestilling og motarbeide alle former for diskriminering.**

(Barnehagelova, 2005, §1. Formål)

# Hildre barnehage

## Barnehagen vår

Hildre barnehage er ein kommunal barnehage som opna i 2001. Vi har lokale i 1. etasjen til Hildre Montessori skule, og er ei avdeling i alderen 1-6 år.

Barnehagen ligg fint til mellom fjell og fjøre og har med dette fine turmoglegheiter i nærområdet.

Personalet:

Styrer 100% (50% på avdeling)	Dagrunn Krogsæter
Pedagogisk leiar 100%	Lise Petrine Haugen-Westerås
Pedagogisk leiar 100%	Karoline Urke Øines
Fagarbeidar 80%	Janne-Iren Brevik
Lærling 100%	Mona Sævrøy Reiten
Assistent 70%	Christina Larsen

Barnegruppa :

Barnegruppa er på 16 barn og nye kan kome til gjennom året. Vi deler barnegruppa fra 1-3 år og 3-6 år deler av dagen og legg til rette for læring etter alder gjennom det pedagogiske arbeidet.

## Visjon:

**«KVAR DAG ANNLEIS, KVAR DAG BETRE»**

Vi reflekterer over eigen praksis, tek med det beste, og er ikkje redd for å gjere feil. Ved å reflektere saman med andre, skapar ein grunnlag for utvikling på arbeidsplassen. Ein kan styrkje den daglege praksis gjennom refleksjonar saman med andre, og saman med borna.

## Verdiar:

Vi ser på kvart barn som undrande og utforskande, og vi ynskjer at alle kvardagssituasjonar skal by på læring og utvikling.

# Barnehagen sitt innhald

***Innhaldet i barnehagen skal vere allsidig, variert og tilpassa enkeltbarnet og barnegruppa. Ein skal sjå arbeidet med omsorg, danning, leik, læring, sosial kompetanse og kommunikasjon og språk i samanheng og samla bidra til den allsidige utviklinga til barna.***

(Rammeplanen kap. 3)

- **Danning** er ein livslang prosess som handlar om å utvikle og reflektere over eigne handlingar og veremåtar. Vi skal hjelpe og støtte barna ved å vere tilstade og rettleie.
- **Omsorg** skal prege alle situasjonar i kvardagen. For oss betyr det at vi ser kvart einskild barn og møter barnet sine interesser og behov. Vi vil møte barnet med varme, tryggleik, vere ansvarsbevisst og nærverande i samspel med barna, og ved å rose og oppmuntre vil vi sørgje for at barnet trivst, opplever meistring og utviklar eit positivt sjølvbilete.
- **Leiken** har ein sentral plass i barnehagen. Den skal vere ein arena for utvikling og læring. Gjennom leiken får barna utforske, lære å ta andre sitt perspektiv og skape gode relasjonar til andre. Vi vaksne skal vere engasjerte og aktive i leiken ved å inspirere og legge til rette for spanande og varierte leikemiljø.
- **Læring** skjer gjennom samhandling ilag med andre og er ein livslang prosess. Vi vil legge til rette for eit fellesskap der barna skal få tileigne seg erfaringar, sørgje for progresjon, utvikle alle sansar og stadig få nye utfordringar ut frå alder og behov. Vi vil vere med-undrande og med-nysgjerrige i det barna er opptekne av, og legge til rette for den gode samtalen. Vi vil gje barna førstehands- og andrehands erfaringar gjennom leik, sansing, aktivitetar, kvardagssituasjonar og turar.

# Satsingsområde

## Tilrettelegging av det allmennpedagogiske tilbudet for barn som treng ekstra støtte

**Barnehagen skal tilpasse det allmennpedagogiske tilbudet etter barna sine behov og føresetnader, også ved behov for ekstra støtte i kortare eller lengre periodar. Barnehagen skal arbeide målretta og systematisk for at barn som treng ekstra støtte får eit inkluderande og likeverdig tilbod, og slik vere ein del av eit meningsfullt fellesskap. Om det er grunn til å tru at barnet sitt behov ikkje kan dekkast innanfor det allmennpedagogiske tilbudet, skal barnehagen opplyse foreldra om retten til å krevje ei sakkyndig vurdering av om barnet har behov for spesialpedagogisk hjelp. Barnehagen skal sørge for at barn som mottok spesialpedagogisk hjelp, inkluderast i barnegruppa og i det allmennpedagogiske tilbudet.**

(Rammeplan kap. 7)

### PROSJEKT «TIDLEG INNSATS OG SPESIALPEDAGOGISK HJELP»

Ålesund kommune ynskje å gi alle barn eit likeverdig tilbod med høg kvalitet og god praksis. Eit likeverdig tilbod vil krevje både tilretteleggingar og lokale tilpassingar av innhald. Tidleg innsats handlar om eit godt pedagogisk tilbod og tilpassa omsorg til alle barn. Kvaliteten handlar om dei opplevingar og erfaringar både barn, foreldre og tilsette har av tilbodet som vert gitt, og blir skapt gjennom samhandling.

Formålet med prosjektet er å:

- styrke det allmennpedagogiske arbeidet.
- å auke bruk av ressursar på førebyggjande arbeid og kunne møte behov til fleire av barna innanfor det ordinære barnehagetilbudet.

- etablere nytt felles system for organisering og oppfølging av individuelle vedtak for spesialpedagogisk hjelp og tilrettelegging for barn med nedsett funksjonsevne.

Vi ynskje ei heilskapleg tilnærming til arbeidet. For oss handlar heilskapleg tilnærming om at barn sine uttrykk forståast i lys av både individuelle føresetnadar og omgjevnadane og miljøet barnet er ein del av. Dette gjer at vi viser interesse for alle element som kan påverke barnet si trivsel utvikling og læring.

For barnehageåret 21/22 har prosjektet fokus på etablering av felles system for oppfølging av individuelle vedtak.

**REKOMP:** Regionalt samarbeid for kompetanseutvikling i barnehage

Dette er ein fleirårig kompetanseplan 2021-2024, for kommunane Ålesund, Giske, Stranda, Sykkylven, Fjord og Sula ( Nordre Sunnmøre ). Det er ei regional ordning for kompetanseutvikling som skal stimulere til godt samarbeid mellom barnehagemyndigheitene, barnehageeigar, universitet og høgskular, statsforvalteren Og andre aktørar, dette for å sikre god kvalitet i barnehagane. Målet er å sikre et likeverdig barnehagetilbod av høg kvalitet. For å kartlegge kompetanse behovet til kvar einskild barnehage, er det sett ned ei arbeidsgruppe som består av ein representant frå kvar kommune, PPT og private barnehagar.

I Hildre barnehage skal vi jobbe med utforming av det fysiske miljøet og rommet sitt betydning for språkleg aktivitet.

### **Miljøfyrtårn:**

Hildre barnehage er miljøfyrtårn sertifisert.

I vår barnehage skal vi;

- Ha fokus på gjenbruk, kjeldesortering og matriell frå naturen.
- bidra til bærekraftig utvikling i samband med FNs berekraftsmål.



## Miljøpedagogisk arbeid i Hildre barnehage

Tema	Kort beskrivelse av det miljøpedagogiske arbeidet med barna – dagens status	Miljøtiltak i barnehagen
<b>Overordnet</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Lære korleis vi tek vare på naturen</li> <li>• Verte kjend med «Ugla» eit opplegg gjennom naturvakt, der ein lærer om allemannsretten</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Involvere foreldrene i barnehagens miljøatsning og inviter dei til å kome med idear og å følge opp tiltaka heime.</li> </ul>
<b>Psykososialt miljø i bhg.</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Har fokus på korleis ein snakker til kvarandre</li> <li>• Nulltoleranse for mobbing og krenking, ny mobbelov</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Eigen pedagogisk plan for barnegruppa</li> </ul>
<b>Fysisk miljø ute og inne</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Miljøveke 2 ganger i året</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Barna hjelper til med å halde barnehagen rein og ryddig både ute og inne</li> </ul>
<b>Kjennskap til naturens mangfold og oppleve tilhørighet til naturen</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Insektshotell</li> <li>• Bruker turer i nærområdet til å tileigne seg fakta om ulike plantar, dyr og insekt.</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Bruke opplegget Naturvakt kvart år</li> </ul>
<b>Avfallshåndtering</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Barna kjeldesorterer i merka dunker</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Synlege og merka avfallsdunker</li> </ul>
<b>Gjenbruk</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Bruk av naturmatriell, og gjenbruksmatriell i formingsaktivitetar</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Barna sankar sjølv i naturen</li> </ul>
<b>Bærekraftig kosthold/matsvinn</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Gjer barna bevisst på matsvinn</li> <li>• Sjølvplukk på sesongbasert frukt og bær</li> <li>• «Fem om dagen bhg» med fokus på frukt og grønt</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Lage mat frå grunnen av</li> <li>• Lære korleis ein tek vare på mat, bruke restar</li> <li>• Forske på holdbarheit ved rett temperatur 9</li> </ul>

Energi	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Bevisstgjøring rundt energibruk, slå av lys i rom vi ikkje bruker</li> <li>• Bruke eige pedagogisk opplegg «Strømpoliti»</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Få kunnskap om energi generelt</li> <li>• Videreformidling til heimen</li> </ul>
Andre tema....	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Synleggjering av det pedagogiske arbeidet</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Invitere foreldre inn i barnehagen sine lokaler</li> </ul>

### Digital praksis i barnehagen:

Den digitale praksisen i barnehagen skal bidra til leik, kreativitet og læring. (Rammeplan, s. 44)

Når ein arbeidar med digital praksis i barnehagen, forpliktar personalet seg til å utøve digital dømmekraft når det gjeld informasjonssøk og kjeldekritikk. Personalet skal og leggje til rette for at at barna utforskar, leikar, lærer og sjølv skapar noko gjennom digitale uttrykksformer.

## Barn sin medverknad

***Barnehagen skal ivareta barna sin rett til medverknad ved å legge til rette for, og oppmuntre til at barna kan få uttrykke sitt syn på barnehagen sitt daglege innhald, jf. Lov om barnehagar kap. II- §3, grunnloven §104 og FNs barnekonvensjon artikkel 12 nr.1***

***I følge rammeplanen kapittel 4 skal barnehagen vere bevisst på dei ulike uttrykksformene til barna og leggje til rette for medverknad på måtar som er tilpassa alder, erfaring, dei individuelle føresetnadene og behova til barna.***

I Hildre barnehage inneber dette at personalet må lytte til det ein skilde barnet, sørge for god kommunikasjon og samspel, samt å ha ein trygt og nært samarbeid med foreldra om barna sin

trivsel, ønskjer og behov. Sjølv om samspel og kommunikasjon handlar om meir enn det verbale språket, er dette eit viktig verktøy for formidling av tankar, meiningar, erfaringar og kunnskap. Barnehagen skal sørge for at alle barn får moglegheit til å forstå, og verte forstått. Medverknad kan innebere alt frå å kunne påverke det daglege innhaldet i barnehagen til å kunne gi uttrykk for egne kjensler i samhandling med andre.

## Samarbeid

### Samarbeid mellom heimen og barnehagen

***Samarbeidet mellom heimen og barnehagen skal alltid ha barnets beste som mål. Foreldre og barnehagepersonalet har eit felles ansvar for at barnet skal trivast og utvikle seg***

(Rammeplanen kap. 5)

For å sikre samarbeid med heimen, skal kvar barnehage ha eit foreldreråd og eit samarbeidsutval.

Foreldrerådet består av foreldre/føresette til alle barna og skal fremje deira fellesinteresser og bidra til at samarbeidet mellom barnehagen og foreldregruppa skapar eit godt barnehagemiljø.

Barnehageeigar skal syte for at saker av viktigheit vert lagt føre for foreldrerådet og samarbeidsutvalet. For å sikre samarbeid med heimen, skal kvar barnehage ha eit foreldreråd og eit samarbeidsutval.

I Hildre barnehage består foreldrerådet av alle foreldre/føresette som har barn i barnehagen. Foreldrerådet kan ha møter der dei tek opp saker etter ønskje frå foreldre. Personalet kan vere med dersom foreldre/foresette ønskjer dette. Leiar for foreldrerådet er foreldra sin representant i SU.

Foreldrerådet kan ha ansvar for til dømes tilstelning, dugnader og møter gjennom året. SU er eit rådgjevande, kontaktskapande og samordnande organ. Det er to representantar frå foreldra og to

representantar frå personalet samt styrer.

Samarbeidsutvalet består av foreldre/føresette og tilsette i barnehagen, slik at kvar gruppe er likt representert. Barnehagen sin eigar kan delta etter eige ønskje, men ikkje med fleire representantar enn i kvar av dei andre gruppene.

#### **Samarbeidsutvalet 2022/2023:**

Foreldrerepresentantar: Malin Kristin Ølnes Bjørdal og Robin Lervik. Personalrepresentantar: Karoline Urke Øines og Janne-Iren Brevik. Styrer Dagrunn Krogsæter møter fast som eigarrepresentant og verksemdsleiar Lill-Therese H. Eidsvik ved behov.

## **Samarbeid mellom barnehagen og andre aktørar**

***Regjeringa ventar – at kommunar og fylkeskommunar arbeider målretta for ein felles kultur for samarbeid på tvers av tenestene for å gi barn og unge som treng det, et heilskapleg tilbod. Godt tverrfagleg samarbeid handlar om at ulike fagmiljø arbeid saman og ser tilboda til barn og unge i samanheng***

(St.meld. 6, 2019-2020, s. 6)

I Ålesund kommune samarbeidar barnehagane tverrfagleg med ulike aktørar som til dømes PPT, Barnevernstenesta, Helsestasjonar, skular m.m.

Samarbeidsaktørar utanom desse for Hildre barnehage er brannvesen, bibliotek, Hildre Montessori skule og Hildre kyrkje.

## **Tieieplikt, opplysningsplikt og avverjeplikt**

Barnehagelova § 44 pålegg tieieplikt om forhold dei tilsette i barnehagen blir kjent med gjennom si stilling (jf. Fvl. § 13). Tieieplikta er ein viktig føresetnad for at barnehagen skal bli informert om opplysingar i høve familieforholda til barn som kan vere avgjerande for opphald, trivsel og utvikling i barnehagen.

Barnehagelova § 46 pålegg tilsette i barnehagen, utan hinder av teieplikt, å gi opplysingar til barnevernstenesta når det er grunn til å tru at det fins mishandling av barn i heimen eller andre formar for alvorleg omsorgssvikt, også kalt meldeplikt. I tillegg skal ein gi opplysingar til barnevernstenesta når ein bli bedd om det.

Ifølge straffelovens generelle bestemming om avverge, §196, er einkvar forplikta til å søke å avverge ei straffbar handling eller følgjene av den, på eit tidspunkt då det fremdeles er mogleg, og det framstår som sikkert eller mest truleg at handlinga er eller vil bli begått. Den generelle avvergingsplikta gjeld også tilsette i barnehagen.

Alle tilsette i barnehagen har godkjent politiattest.

## Overgangar

### Når barnet startar i barnehagen

***Barnehagen skal i samarbeid med foreldra leggje til rette for at barnet kan få ein trygg og god start i barnehagen. Barnehagen skal tilpasse rutinar og organisere tid og rom slik at barnet får tid til å bli kjent, etablere relasjonar og knyte seg til personalet og til andre barn***

(Rammeplanen kap. 6)

Når barnet byrjar i barnehagen:

I Hildre barnehage er vårt mål at tilvenninga i barnehagen skal gå på barna sine premisser så langt det let seg gjere. Tilvenninga handlar om å skape ei trygg tilknytning der barnet og foreldre får tillit til oss i barnehagen, og at vi møter kvart einskild barn sine behov. Denne tilknytninga tek tid, og det er individuelt kor lang tid ein må bruke på tilvenninga.

I utgangspunktet brukar vi minimum 3-4 dagar på tilvenninga, og innhaldet i desse dagane vil vi avtale med foreldre undervegs

for å sikre at både born og foreldre er komfortable med det som vil skje desse dagane. Det er dykk føresette som kjenner barnet best, og vi opptekne av tett samarbeid og god dialog med dykk.

Vi tek gjerne ein ekstra telefon eller sender ei melding for å oppdatere om korleis det går den første perioden. Ha gjerne med ein smukk, bamse eller kos for ekstra tryggleik.

## Overgangen mellom barnehage og skule

***Personalet skal sørge for at barnet og foreldra får tid og rom til å bli kjende med andre barn og anna personale når eit barn byter gruppe***

(Rammeplanen kap. 6)

Dei eldste barna skal få høve til å gle seg til å begynne på skulen og oppleve at det er ein samanheng mellom barnehagen og skulen. Barnehagen skal leggje til rette for at dei eldste barna har med seg erfaringar, kunnskap og ferdigheter som kan gi dei eit godt grunnlag og god motivasjon for å begynne på skulen. – Rammeplan for barnehagen (kunnskapsdepartementet, 2017, s.33)

I Ålesund kommune er det utarbeida ein plan for overgang frå barnehage til skule som alle dei kommunale barnehagane følg. Til dei barna som vel å gå over til privat skule er det utarbeida egne planar.

## Barnehagen som pedagogisk verksemd

***Barnehagen skal vere ei pedagogisk verksemd som skal planleggast og vurderast.***

***Barn og foreldre har rett til å medverke i desse prosessane***

(Rammeplan kap. 7)

Hildre barnehage gir rom for at barn og foreldre/føresette kan medverke i desse prosessane. Gjennom brukarundersøkingar,

foreldre møter og samarbeidsutvalet får foreldra anledning til å delta i desse planleggingsprosessane. Vi let òg barna medverke med innspel i kvardagen. Målet med barnehagen som pedagogisk verksemd er å gje barna eit tilrettelagt tilbod i tråd med barnehagelova og rammeplan. Barnehagen har fem planleggingsdagar i året, dette er for å ivareta planlegginga av det pedagogiske arbeidet.

## Planlegging

***Barnehagen skal tenke og handle langsiktig og systematisk, og planlegginga må basere seg på kunnskap om barn sin trivsel og allsidige utvikling, individuelt og i gruppe***

(Rammeplan kap. 7)

Planlegging og dokumentasjon bidreg til å synleggjere det arbeidet som skjer i barnehagen, men bidreg og til progresjon for enkeltbarn og barnegruppe. Dokumentasjon av det pedagogiske arbeidet kan vere med på å gje foreldre eit innblikk i barnehage kvardagen, og om korleis barnehagen oppfylle krava i barnehagelova og rammeplan. (Rammeplan, s. 39)

## Vurdering

***Hovudføremålet med vurderingsarbeidet er å sikre at alle barn får eit tilbod som er i tråd med lov og forskrift***

(Rammeplan kap. 7)

I barnehagen sitt vurderingsarbeid skal heile personalgruppa verte inkludert. Vurderingsarbeidet byggjer på refleksjonar som heile personalgruppa deltek i. Felles refleksjon over det pedagogiske arbeidet gir personalet eit utgangspunkt for vidare planlegging og gjennomføring.

# Dokumentasjon

***Dokumentasjon av det pedagogiske arbeidet skal inngå i arbeidet med å planlegge, vurdere og utvikle den pedagogiske verksemda. Vurderingar i høve trivsel og allsidig utvikling skal dokumenterast når det er naudsynt for å gi eit tilrettelagt tilbod. Barn har rett til vern om sin personlege integritet. Foreldre har rett til å sjå og få utlevert dokumentasjon om eigne barn, og til å få sletta eller korrigert opplysingar som er feilaktige eller misvisande.***

(Rammeplan kap. 7)

Pedagogisk dokumentasjon skal brukast til å sjå ting i eit nytt lys. Pedagogisk dokumentasjon kan brukast til å samtale med barna, ved å stille dei opne spørsmåla som inviterer til refleksjon saman med borna. Pedagogisk dokumentasjon består av ulike delar som saman dannar ei heilheit:

- Observasjon
- Dokumentasjon
- Refleksjon

Ved å ta for seg dei forskjellige punkta, kan ein reflektere over det som har skjedd, og om det allereie er ein veg vidare i læringsprosessen.

## Arbeidsmåttane til barnehagen

### Progresjon

***Barnehagen skal legge til rette for progresjon gjennom val av pedagogisk innhald, arbeidsmåtar, leiker, materiale og utforming av fysisk miljø***

(Rammeplan kap. 8)



Progresjon i barnehagen inneber at alle barn skal utvikle seg, lære og oppleve framgang. Det er vårt ansvar å leggje til rette for varierte leike, aktivitets og læringsmoglegheiter etter alder og utvikling. Vi skal leggje til rette for progresjon gjennom val av pedagogisk innhald og arbeidsmåtar for å nå desse måla. Måla vert konkretisert gjennom periodeplanar og prosjektplanar. I Hildre barnehage sitt arbeid med dei sju fagområda vil dette seie:

### **FAGOMRÅDET: Kommunikasjon, språk og tekst**

*Barnehagen skal bidra til at barna får utforske og utvikle språkforståing, språkkompetanse og eit mangfald av kommunikasjonsformer. Rammeplan for barnehagen.*

1-3 år	3-6 år	Uglegruppa
<ul style="list-style-type: none"> <li>• Barna får bruke språket aktivt i ulike samanheng.</li> <li>• Barna får hjelp til å setje ord på kjenslene sine</li> <li>• Skape eit språkstimulerande miljø gjennom møte med song , rim og regler, eventyr, dramatisering, bøker og bilete.</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Bruke språket til å skape relasjonar og delta i leik</li> <li>• Kjenne igjen bokstaven sin</li> <li>• Sette ord på kjensler og handlingar</li> <li>• Bruke bilete og konkretar for å forsterke innhald i forteljingar og samlingar.</li> <li>• Turar til bibliotek</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Barna skal få erfaring med høgtlesing.</li> <li>• Kjenne igjen namnet sitt og gjerne skrive det</li> <li>• Leike med rim, rytme, lydar og ord</li> <li>• Øve på å lytte til kvarandre</li> <li>• Øve på attforteljing</li> </ul>

## FAGOMRÅDET: Kropp, rørsle, mat og helse

*Gjennom arbeid med kropp, rørsle, mat og helse skal barnehagen bidra til at barna blir kjende med eigne behov, får kjennskap til menneskekroppen og utviklar gode vanar for hygiene og eit variert kosthald. Barna skal og oppleve trivsel, glede og meistring ved allsidige rørsleerfaringar, inne og ute, året rundt. Rammeplan for barnehagen*

1-3 år	3-6 år	Uglegruppa
<ul style="list-style-type: none"><li>• Turar i ulendt terreng</li><li>• Innarbeiding av gode rutiner rundt bleieskift, handvask og hygiene.</li><li>• Leggje til rette for sansemotoriske aktivitetar</li><li>• Verte kjend med eigne behov</li><li>• Verte trygg på sin eigen kropp</li><li>• Variert utval av pålegg, frukt og grønt</li></ul>	<ul style="list-style-type: none"><li>• Aktiv deltaking i matlaging på turar og elles</li><li>• Verte kjend med råvarer og nye smaker</li><li>• Bruke nærområdet aktivt</li><li>• Verte trygg på eigen kropp og få ei positiv sjølvopfatning</li><li>• Ekstra fokus på sunn mat</li><li>• Verte kjend med at vi er ein «5 om dagen barnehage»</li></ul>	<ul style="list-style-type: none"><li>• Verte sjølvstendig i av og påkledning</li><li>• Vi øver på personleg hygiene i høve toalettbesøk og handvask</li><li>• Verte kjend med regelleikar ute og inne</li><li>• Øve på å utvikle blyantgrep og bruk av saks</li></ul>

## FAGOMRÅDET: Kunst, kultur og kreativitet

*I barnehagen skal barna få estetiske erfaringar med kunst og kultur i ulike former og organisert på måtar som gir barna høve til utforsking, fordjupning og progresjon. Barna skal støttast i å vere aktive og skape eigne kunstneriske og kulturelle uttrykk. Rammeplan for barnehagen*

1-3 år	3-6 år	Uglegruppa
<ul style="list-style-type: none"><li>• Verte kjend med ulikt formingsmateriell</li></ul>	<ul style="list-style-type: none"><li>• Bruke naturen til å uttrykkje seg estetisk</li></ul>	<ul style="list-style-type: none"><li>• Bruke materiell frå naturen</li></ul>

<ul style="list-style-type: none"> <li>• Lytte til musikk</li> <li>• Verte kjend med fargane</li> <li>• Personalet skal inspirere barna sin fantasi og kreativitet</li> <li>• Gje barna opplevingar gjennom song, dans og dramatisering</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Bruke ymse teknikkar og formingsmateriell til å uttrykkje seg estetisk</li> <li>• Motivere barna til å uttrykkje seg estetisk gjennom dans og drama.</li> <li>• Vi vil leggje til rette for skaparglede gjennom song, musikk, dans og drama</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Ha fokus på samarbeid og hjelpe kvarandre</li> <li>• Skape songglede</li> <li>• Få erfaringar med kreativ tenking gjennom musikk, rytme og dans</li> </ul>
--	---	---

### **FAGOMRÅDET: Natur, miljø og teknologi:**

*Opplevingar og erfaringar i naturen kan fremje forståing for eigenarten til naturen og barna sin vilje til å verne om naturressursane, bevare det biologiske mangfaldet og bidra til ei berekraftig utvikling. Rammeplan for barnehagen*

1-3 år	3-6 år	Uglegruppa
<ul style="list-style-type: none"> <li>• Gje barna erfaringar med dyr og dyreliv</li> <li>• Verte kjend med nærmiløet til barnehagen</li> <li>• Engasjerte vaksne som undrar seg ilag med barna, leikar og gler seg over naturen i all slags ver</li> <li>• Gje barna erfaringar med dei ulike årstidene</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Gje barna gode opplevingar til alle årstider</li> <li>• Lære korleis vi tek vare på naturen</li> <li>• Tileigne seg fakta og kunnskap om ulike plantar, dyr og insekt</li> <li>• Verte kjend med endringar i naturen til dei ulike årstidene</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Ha fokus på berekraftig utvikling</li> <li>• Barna skal lære å ta vare på seg sjølv, kvarandre og naturen</li> <li>• Verte kjent med «Ugla» gjennom eit opplegg om allemannsretten.</li> </ul>

## FAGOMRÅDET: Mengd, rom og form

*Gjennom arbeid med mengd, rom og form skal barnehagen bidra til at barna undersøker og får erfaring med å løse matematiske problem og opplever glede ved matematikk. Barna ska også få leike og eksperimenterer med tal, mengd og teljing og få erfaring med ulike måtar å uttrykkje dette på. Rammeplan for barnehagen*

1-3 år	3-6 år	Uglegruppa
<ul style="list-style-type: none"><li>• Få kjennskap til tal og teljing, mønster og former</li><li>• Utvikle forståing for grunnleggjande matematiske omgrep</li><li>• Bruke kroppen og sansane til å orientere seg ute og inne</li><li>• Verte kjent med ulike songar, rim og regler</li></ul>	<ul style="list-style-type: none"><li>• Få kjennskap til tal og teljing</li><li>• Verte kjent med mengd og storleikar</li><li>• Sortere og systematisere</li><li>• Bruke naturen som læringsarena</li><li>• Utvikle forståing for grunnleggjande matematiske omgrep</li></ul>	<ul style="list-style-type: none"><li>• Bruke spel og digitale verkty</li><li>• Fargelære</li><li>• Bruke matematiske omgrep i kvardagen</li><li>• Gå på jakt etter former og talsymbol i nærområdet</li></ul>

## FAGOMRÅDET: Etikk, religion og filosofi

*Gjennom arbeid med etikk, religion og filosofi skal barnehagen bidra til at barna utforskar og undrar seg over eksistensielle, etiske og filosofiske spørsmål. Vi ønsker også at barna utviklar interesse og respekt for kvarandre og forstår verdien av likskapar og ulikskapar i eit fellesskap. Rammeplan for barnehagen*

1-3 år	3-6 år	Uglegruppa
<ul style="list-style-type: none"><li>• Barna skal få kjennskap til ulike høgtider og tradisjonar</li><li>• Oppleve gleden ved å vere saman og knytte vennskap</li></ul>	<ul style="list-style-type: none"><li>• Verte kjend med ulike kulturar og livssyn</li><li>• Få kjennskap til ulike høgtider og tradisjonar</li></ul>	<ul style="list-style-type: none"><li>• Øve oss på å vere inkluderande og samarbeide med andre for å unngå krenkande åtferd, ekskludering og mobbing</li></ul>

<ul style="list-style-type: none"> <li>• Opplive rom for nærleik, omsorg og undring</li> <li>• Personalet skal vere ein trygg base i kvardagen</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Vere med på kyrkjevandring jul og påske i Hildre kyrkje</li> <li>• Vi skaper rom for undring og filosofering i kvardagen</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Vi filosoferer over dei spørsmål vi undrar oss over</li> <li>• Ha respekt for andre barn sin kulturelle bakgrunn</li> </ul>
---	--	--

### **FAGOMRÅDET: Nærmiljø og samfunn**

*Gjennom arbeid med nærmiljø og samfunn skal barnehagen bidra til at barna blir oppmuntra til å medverke i eigen kvardag og utviklar tillit til samfunnsdeltaking. Barna skal også utforske ulike landskap, blir kjende med institusjonar og stader i nærmiljøet og lærer å orientere seg og ferdast trygt. Rammeplan for barnehagen*

1-3 år	3-6 år	Uglegruppa
<ul style="list-style-type: none"> <li>• Få kjennskap til nærmiljøet rundt barnehagen</li> <li>• Få kjennskap til Nasjonaldagen og markere «mini 17. mai» i barnehagen</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Delta i slutningar som gjeld deira kvardag</li> <li>• Kunne greie å orientere seg i nærområdet</li> <li>• Verte kjend med ulike bedrifter med tanke på gjenbruk</li> <li>• Faste turar i nærområdet</li> <li>• Få kjennskap til Samefolkets dag gjennom bilete, forteljingar og konkretar</li> <li>• Verte kjend med lokal historie</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Reise på turar i og utanfor nærområdet</li> <li>• Gje barna erfaringar med korleis ein kan påverke eit fellesskap</li> <li>• Verte kjend med eigen skule og SFO</li> <li>• Lære seg å ferdast trygt i trafikken</li> </ul>

# Barnehagerute Haram og Sandøy 22/23

Månad	Barnehageruta	Skulerute 22/23
August	01. Oppstart nytt barnehageår 12. Planleggingsdag Tennfjord, Hildre og Haramsøy 15. + 16. Planleggingsdagar Søvik 18. + 19. Planleggingsdagar Lepsøy og Harøy	22. Oppstart nytt skuleår
September	09. + 30. Planleggingsdagar Tennfjord 15. Planleggingsdag Søvik og Harøy 16. Planleggingsdag Haramsøy 19. Planleggingsdag Lepsøy 23. Planleggingsdag Hildre	
Oktober		10.-14. Haustferie (v 41) 28. Elevfri dag Hildre Montessoriskule
November		
Desember	23. Planleggingsdag Haramsøy 23. Siste opningsdag før juleferien for Hildre, Harøy, Søvik, Tennfjord og Lepsøy <b>Alle barnehagane er steng i romjula.</b>	21. Siste skuledag før juleferie og siste dag med SFO på Lepsøy
Januar	02. Første opningsdag etter juleferien 20. Planleggingsdag for alle bhg i verksemda	03. Første skuledag etter juleferie
Februar		20.-24. Vinterferie (v. 8)
Mars	24. Planleggingsdag Harøy	
April	03.-10. Tennfjord, Hildre og Søvik er stengt Haramsøy, Lepsøy og Harøy er ope tom 05.04. kl 12.00.	03.-10. Påskeferie (v. 15)
Mai	19. Planleggingsdag Søvik, Lepsøy, Haramsøy og Hildre	19. Elevfri dag
Juni	19. Planleggingsdag Tennfjord	22. Siste skuledag 23. Siste skuledag Hildre M.S.
Juli	Lepsøy barnehage stengt v. 28 + 29 Søvik, Hildre og Haramsøy stengt v. 29 og 30 31. Planleggingsdag Hildre	SFO stengt v. 27-30

# Kjelder


Rammeplan for barnehagen: <https://bit.ly/2RloJJp>

Barnehagelova: <https://bit.ly/2yd6svp>

Stortingsmelding nr 6: <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/meld.st.-6-20192020/id2677025/>

FN`s berekraftsmål: <https://www.fn.no/Om-FN/FNs-baerekraftsmaal>

Barnekonvensjonen: <https://www.fn.no/om-fn/avtaler/menneskerettigheter/barnekonvensjonen>



### Kontaktinformasjon

Besøksadresse Hildre barnehage

Hildredalsveien 40, Hildre

Telefonnummer:

Avdeling: 47517599

47672221

Styrar: 92628811

E-post:

[dagrunn.krogsaeter@alesund.kommune.no](mailto:dagrunn.krogsaeter@alesund.kommune.no)

[www.alesund.kommune.no](http://www.alesund.kommune.no)

